



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: [fmsfkr@fylkesmannen.no](mailto:fmsfkr@fylkesmannen.no)

Vår dato  
17.10.2016  
Dykkar dato  
18.08.2016

Vår referanse  
2016/122- 331.1  
Dykkar referanse

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 Svelgen

## Bremanger kommune – kontroll av revidert budsjett og økonomiplan 2016 – 2019

Bremanger kommunestyre sitt budsjett- og økonomiplanvedtak frå desember 2015 vart ikkje godkjent av Fylkesmannen. Kommunestyret har i møtet 21.06.2016, sak nr. 49/16, handsama og vedteke revidert budsjett for 2016 og revidert økonomiplan 2016 – 2019.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett, økonomiplan og låneopptak.

- **Revidert budsjett for 2016 og revidert økonomiplan 2016 – 2019 er godkjent.**
- **Låneopptak på kr 3 000 000 i Husbanken for vidare utlån er godkjent.**

### Driftsbudsjettet 2016

Sum skatt og rammetilskot er for 2016 budsjettert med 252,6 mill. kroner (inkludert 1,1 mill. kroner i eingongstilskot til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg). Nytt vedtak samsvarar med prognosemodellen til Kommunenes sentralforbund (KS) etter revidert nasjonalbudsjett.

Samanlikna med opphavleg budsjett er inntekter frå eigedomsskatt reduserte med 1 mill. kroner, til 37 mill. kroner. Årsaka til dette er lågare inntekter frå eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader. Netto sum for utgifter og inntekter for renter og avdrag er budsjettert til 16,2 mill. kroner, ein reduksjon i utgifter på 3,1 mill. kroner frå opphavleg budsjett. Til rådgjeving i Terra-sakene er det lagt inn 3,5 mill., ein auke på 2,5 mill. kroner frå budsjettvedtaket i desember 2015. Inntekter momskompensasjon er auka med 1,4 mill. kroner.

Etter Høgsterett sin dom skal kommunen årleg i 20 år dekke inn om lag 7 mill. kroner til Danske Bank. Beløpet skal førast som utgift og netto reduksjon i noverdi av forpliktinga som inntekt, slik at effekten i driftsrekneskapen vil vere netto lik kroner 0. Nettoverdien av rentebytteavtalane skal framleis verdivurderast ved kvart årsskifte. Dersom rentenivået endrar seg, vil dette kunne medføre både reell utgiftsauke (ved rente nedgang) eller inntektsføring (ved rente oppgang). Dette betyr at rentebytteavtalane framleis gjev finansiell risiko. Etter at kommunen tapte rettssaka om derivatavtalane i Høgsterett mot Danske Bank, inntektsfører no kommunen tilbakebetalt opsjonspremie i 2015 på 17,5 mill. kroner. Saksomkostningar etter dommen i Høgsterett er auka med 8 mill. kroner, til 13,2 mill. kroner.

Samanlikna med vedtaket for opphavleg budsjett 2016, er det ikkje gjort endringar i drifta for tenestemråda.

**Fylkesmannen sin kommentar**

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med KS-prognosemodell etter revidert nasjonalbudsjett 2016. Kommunen har tilpassa finansielle inntekter og utgifter etter 1. tertialrapport, men ikkje gjort endringar i drifta for tenesteområda. Med eit akkumulert underskot på 100 mill. kroner, som skal dekkast inn dei nærmaste åra, må kommunen òg førebu større tiltak i drifta gjennom utgiftsreducerande tiltak og auka inntekter.

**Tidlegare års meirforbruk**

Pr. 31.12.2015 hadde kommunen eit akkumulert underskot på 100,7 mill. kroner. Kommunen har i revidert budsjett vedteke ein plan slik at meirforbruket (underskotet) skal vere dekt innan 2019 (tal i mill. kroner):

År	2015	2016	2017	2018	2019
Budsjett		15,4	28,4	30,1	26,8
Akkumulert	100,7	85,3	56,9	26,8	0

**Fylkesmannen sin kommentar**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har avgjort at kommunen skal dekkje inn underskota frå 2007 og 2008 innan 10 år, og underskotet på 25 mill. kroner frå 2014 innan 2021. Det betyr at av eit samla underskot ved utgangen av 2008 på 230,4 mill. kroner, så skal 181,7 mill. kroner vere dekt innan 2017 og resterande 48,7 mill. kroner innan 2018. Kommunen har etter planen budsjettert med tilstrekkeleg inndeckning innan 2017. For perioden 2016 – 2018 skal inndeckninga samla vere 75,7 mill. kroner, medan det er budsjettert med 73,9 mill. kroner. Planen manglar såleis 1,8 mill. kroner for å dekke inn eit akkumulert underskotet på 230,4 mill. kroner pr. 31.12.2008.

**Investeringar 2016**

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett i 2016 på 53,5 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 52,8 mill. og eigenkapitalinnskot KLP 0,7 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansiert med låneopptak 3 mill., overføring frå drifta 0,7 mill., mottekne avdrag på lån/refusjonar 7,1 mill., kompensasjon for meirverdiavgift 9,8 mill. og bruk av kapitalfond 32,9 mill. kroner.

Kommunen har etter vedtaket om revidert budsjett meldt frå at det i handsaming av rapport for 2. tertial, blir det tilrådd at låneopptak på 3 mill. kroner blir erstatta med bruk av ubundne kapitalfond. I tillegg søker kommunen om godkjenning av låneopptak i Husbanken på 3 mill. kroner for vidare utlån.

**Fylkesmannen sin kommentar**

Kommunen reduserer investeringane frå eit opphavleg budsjett på 73,8 mill. kroner til 53,5 mill. kroner. Kommunen nyttar kapitalfond til ein større del av finansieringa, og for nye lån blir det søkt om godkjenning av låneopptak i Husbanken for vidare utlån.

**Økonomiplanen**

Kommunen budsjetterer årleg med 252,6 mill. kroner i skatt og rammetilskot. Prognosemodellen til KS viser 250 mill. kroner i 2017 og 2018, og 249 mill. i 2019 etter overgangsordninga for inntektsgaranti. Eigedomsskatten er auka opp med 3 mill., til 40 mill. kroner årleg frå 2017. Gevinst for sal av konsesjonskraft er frå 2017 årleg budsjettert til 9,3 mill., ein auke på 1,2 mill. kroner frå 2016. Utbytte frå Sogn og Fjordane Energi er redusert frå 1,8 mill. kroner i 2015, til årleg 1,5 mill. kroner i perioden 2016 – 2019.

Frå revidert budsjett 2016 er det budsjettert med netto reduksjonar for tenesteområda med 8,6 mill. i 2017 og 10 mill. i 2018, deretter ein reduksjon på 8,6 mill. kroner i 2019 samanlikna med 2016.

Investeringar i perioden 2016 – 2019 er samla lagt inn med 169 mill. kroner. Av dette er 60 mill. kroner planlagt finansiert med nye låneopptak. Avdrag er budsjettert med 45 mill. kroner.

**Fylkesmannen sin kommentar**

*Kommunelova krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp. Planen til Bremanger kommune er i balanse, men kommunen må ved handsaming og vedtak av økonomiplanen for 2017 – 2020 budsjettere opp manglande inndecking av akkumulert underskot per 31.12.2018.*

**Vedtak:**

*Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, og budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 er godkjende.*

*Låneopptak på kr 3 000 000 i Husbanken for vidare utlån er godkjent.*

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi pr. e-post: Kryss Revisjon ([postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no))